

2. Tertial 2009

Innleiing

I rapporten for 2. tertial 2009 vert endringane for kvart rammeområde kommentert. Rammeområda samsvarer med rammeområda som vart vedteke i økonomireglementet for Kvam herad.

Det har i 2. tertial ikkje vore gjennomført full gjennomgang av alle rammeområda med tanke på avvik, men vi har prøvt å fanga opp mesteparten av dei avvik som er meldte, samt endringane i organisasjonen som påverkar rammeområda.

Rammeområda samla

Tabellen under viser hovudoversikt drift fordelt på vedteke KOSTRA – tema for Kvam herad:

Hovudoversikt drift 2009. Fordelt på Kostra-tema								
Tema (i 1000 kr)	2. tertial 2009		1. tertial 2009		Opphavleg budsjett 2009		Endring 2. tertial 2009	
	Br. utg. 2009	Netto utg 2009	Br. utg. 2009	Netto utg 2009	Br. utg. 2009	Netto utg 2009	Br. utg. 2009	Netto utg 2009
Politisk verksemd	4 435	4 224	4 426	4 215	4 426	4 215	9	9
Adm. og fellesutgifter	30 461	19 586	39 828	29 057	37 088	30 034	-9 366	-9 472
Barnehagar	58 083	15 694	51 708	14 540	49 332	14 401	6 375	1 154
Grunnskule	137 249	123 483	130 669	118 402	128 633	119 096	6 579	5 081
Kommunehelse	29 822	22 595	28 479	22 181	28 696	21 937	1 342	414
Pleie- og omsorgstenesta	176 503	143 128	169 064	138 636	165 961	138 433	7 439	4 492
Sosialteneste og NAV	28 500	21 643	28 044	21 272	21 898	21 044	456	371
Barnevern	11 622	11 205	11 413	11 160	11 237	10 983	209	45
Bustader	14 233	-3 524	10 220	-5 203	11 271	-4 762	4 013	1 679
Plan	15 001	8 667	13 393	7 435	13 529	7 565	1 607	1 231
Næringsstøtte og komm. forretningsdrift	16 125	-14 561	16 112	-13 153	15 982	-33 588	13	-1 408
Brann og ulykkesvern	7 608	5 992	7 178	5 784	7 160	5 766	430	208
Samferdsle og grøntanlegg	14 304	12 126	13 964	12 456	12 387	10 562	340	-330
Vatn avløp og renovasjon/avfall	17 419	0	17 127	0	17 857	-108	292	0
Kultur	22 271	16 241	21 530	16 500	21 281	16 364	741	-259
Kyrkje	5 587	5 073	5 587	5 074	5 087	5 074	0	0
Skatt og rammetilskot	0	-362 042	0	-362 042	0	-359 694	0	0
Finans	-650	3 488	-650	6 049	-650	25 698	0	-2 561
Løn til fordeling	0	0	717	655	0	0	-717	-655
Motpost avskrivningar	0	-33 019	0	-33 019	0	-33 019	0	0
Sum	588 572	0	568 809	0	551 175	0	19 763	0

2. tertial 2009 viser nytt budsjett etter endringar i perioden mai – august, samt endringar som ikkje kom med i 1. tertialrapport. Opphavleg budsjett viser vedteke budsjett i HST - sak 173/08. Kollonna til høgre viser endringane i netto utgift i 2. tertial 2009 for kvart rammeområde. Samla endring i perioden medfører at netto utgifter aukar med 0,9 mill. kr. der 0,1 mill. kr. er finansiert med disposisjonsfond.

Hovudårsakene til endringane er bl.a. tilbakeføring av innsparingskrav frå opphavleg budsjett 2009 som ikkje let seg realisera, vedtekte tiltak som ikkje er finansierte tidlegare og naudsynte justeringar i samband med auka brukarbehov.

1.1 Politisk verksemd

Politisk verksemd							
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Forbruk 2. tertial 2009	Just bud 2. tertial 2009	Just bud 1. tertial 2009	Opphav. Bud 2009	Forbruk t.o.m. 2. tertial %	Endring ramme 2. tertial 09
100 Politisk styring og kontrollorgan	3 020	1 668	3 612	3 604	3 604	46,2 %	9
110 Kontroll og revisjon	358	165	612	612	612	27,0 %	0
Politisk verksemd	4 846	1 833	4 224	4 215	4 215	43,4 %	9

Forklaring til endringer i budsjett 2. tertial:

- Budsjettet er justert for mindre endringer i løn til folkevalde.

Andre opplysninger:

- Det har vore Stortingsval i 2009. I samband med dette har det vore stilt krav til universell utforming av vallokale. Det har til no kosta om lag 0,1 mill. kr. Kvam herad har ikkje motteke klagar etter valet med omsyn til tilgang til vallokala.
- Det er kjøpt inn utstyr til elektronisk teljing i 2009.
- Samla forbruk pr. 2. tertial utgjer 43,4 %. Normalforbruket vil vera 63-67 % avhengig av kor stor del av budsjett som gjeld fast løn. Dette rammeområdet har ikkje fast løn, men inneheld kompensasjon til dei folkevalde. Årsaka til det låge forbruket så langt, er at innmelde krav frå dei folkevalde kjem seint i året.

1.2 Administrasjon, styring og fellesutgifter

Adm. og fellesutgifter							
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Forbruk 2. tertia 2009	Just bud 2. tertia 2009	Just bud 1. tertia 2009	Opphav. Bud 2009	Forbruk t.o.m. 2. tertia %	Endring ramme 2. tertia 09
120 Administrasjon	28 665	20 926	28 021	28 178	27 547	74,7 %	-157
121 Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen	3	-2	0	0	0	#DIV/0!	0
130 Administrasjonslokale	1 539	574	1 639	1 640	1 640	35,0 %	-1
170 Premieavvik	-14 965	0	-11 476	-11 476	-11 476	0,0 %	0
180 Diverse fellesutgifter	236	251	1 408	11 013	12 331	17,8 %	-9 605
190 Interne serviceeiningar	0	1 049	-7	-298	-8	-14333,5 %	291
Adm. og fellesutgifter	15 479	22 798	19 586	29 057	30 034	116,4 %	-9 472

Forklaring til endringar i budsjett 2. tertial (reduksjon med 9,5 mill. kr.):

- *Funksjon 120 Administrasjon* er samla sett redusert med 0,16 mill. kr. som følgje av bl.a.:
 - Reduksjon av lønskostnader med 0,3 mill. kr., bl.a. av følgjande endringar:
 - 1 kommunalsjef er utleigd i 80 % stilling til Ålvik Vekst Kvam KF frå mai 2009 – utleigd gjennom funksjon 325 Næring.
 - Det er oppretta ein ny stabsfunksjon "Kraft og innkjøp" som har fått tilført løns- og driftsmidlar.
 - Økonomikontoret fått 1 stilling i engasjement frå august t.o.m. desember 2009.
 - HMS – konsulenten er frå juni 2009 overført til ledig stilling som leiar for Sals – skjenkekontrollen.
 - Lønsutgiftene til informasjonssjefen som er utleigd til Kvam bustad - og tomteselskap AS (KBTS), er flytta til funksjon 315 Bustader. Der vert også inntektene for utleige av stillinga ført.
 - Utgiftene til kjøp av varer og tenester aukar med 0,3 mill. kr., hovudsakleg pga auka portoutgifter. Årsaka til dette er at budsjettet vart skore ned meir enn forbruket i 2008, samt prisauke, auke i brev og servicepakkar.
 - Avsetningar, refusjonar, fødselspengar mm medførte reduksjonar for 0,13 mill. kr.
- *Funksjon 180 Diverse fellesutgifter* vart redusert med 9,6 mill. kr. som følgje av bruk av lønsjusteringspotten i samband med årets lønsjusteringar. Desse midlane er fordelte på mange andre funksjonar (og rammeområde).
- *Funksjon 190 Interne serviceeiningar* har ein auke på 0,3 mill. kr. Dette er berre ei retting som følgje av ein feil i 1. tertial i samband med overføring av ei stilling til prosjektet P19091 E-takst 2010.

Andre opplysningar:

- Forbruket er samla sett på 116,4 %, men korrigerer vi for premieavviket som vert ført i samband med årsavslutninga, vert forbruket 73,6 %. Normalforbruket pr. 2. tertial er 63 - 67 % avhengig av kor mykje fastløn utgjer av totalen. Årsak til overforbruket er bl.a. utgiftene til funksjon 190 som vert fordelt ved årsskiftet. Inntektene frå regjeringa sin tiltakspakken (knappe 2,0 mill. kr. til funksjon 130 – oppussing av rådhuset), er mottekne, men ikkje overført rett funksjon i rekneskapen. Korrigerer vi for dette, er forbruket på ca 63,8 %.
- Endringar i organisasjonen som **ikkje** er justert i denne tertialen:
 - Kultursjef ikkje overført P50021 Regionalt kulturhus frå august 2009 som planlagt fordi det er utsett som følgje av oppseiingar på avdelinga.

1.3 Barnehagar

Barnehagar							
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Forbruk 2. tertial 2009	Just bud 2. tertial 2009	Just bud 1. tertial 2009	Opphav. Bud 2009	Forbruk t.o.m. 2. tertial %	Endring ramme 2. tertial 09
201 Føorskule	9 483	5 348	9 855	8 695	8 733	54,3 %	1 160
211 Styrka tilbod til føorskuleborn	2 097	1 881	1 825	1 874	1 874	103,1 %	-49
221 Føorskulelokale og skyss	3 772	2 541	4 015	3 972	3 794	63,3 %	43
Barnehagar	15 352	9 770	15 694	14 540	14 401	62,3 %	1 154

Forklaring til endringar i budsjett for 2. tertial (netto auke på 1,2 mill. kr.):

- *Funksjon 201 Føorskule* har ein auke på 1,2 mill. kr. som følgje av bl.a.:
 - Lønskostnadane auka med 4,0 mill. kr. som følgje av lønsjusteringar i 2009, korrigeringskrav (1,9 mill. kr.), oppretta nye avdelingar i Ålvik og Øystese, sjukeløn og fødselspermisjonar.
 - Kjøp av varer og tenester auka med 0,2 mill. kr. fordelt på mange ulike postar, bl.a. inventar til nye avdelingar.
 - Kommunale driftstilskot aukar med 0,3 mill. kr. og gjeld overføring til private barnehagar.
 - Overføring av statstilskot til private aukar med 1,7 mill. kr. – her er ei tilsvarande auke på inntektsida.
 - Inntektene aukar med til saman 5,1 mill. kr. som følgje av auka inntekter frå staten, sjukelønsrefusjonar og refusjon for fødselspengar.
 - Oppstarten av den private barnehagen Sandven FUS barnehage er det teke omsyn til ved auke utgifter med 0,8 mill. kr. i 2. tertial, dvs. vel 70 % av den samla auken.
- *Funksjon 221 Styrka tilbod til føorskuleborn* - reduksjon med 0,05 mill. kr. som er mindre justeringar i lønskostnadane.
- *Funksjon 221 Føorskulelokale og skyss* - har ein auke på knappe 0,05 mill. kr. Blant årsakene finn vi:
 - Erstatningskrav frå Steinsdalen Samfunnshus i samband med nedlegging av barnehagen i Steinsdalen.
 - Leigeinntekter frå Sandven FUS barnehage for Norheimsund ungdomsskule.
 - Tilskot til Strandebarm barnehage frå Enova.

Andre opplysningar:

- Steinsdalen barnehage og avdelinga Midtimellom ved Norheimsund barnehage vart nedlagt frå sommaren 2009. Innsparingane derifrå er delvis overført til støtte til Sandven FUS barnehage som starta opp i august 2009.
- Fleire barnehagar har bede om auke budsjett til inventar, brev i arkivsak 09/389. Samla sett er inventarbudsjettet auka med knappe 0,2 mill. kr. i 2. tertial og fordelt på den enkelte barnehage.
- Forbruket viser 62,3 % ved utgangen av 2. tertial. Normalforbruket ligg mellom 63 – 67 % avhengig av kor mykje som er fastløn.

1.4 Grunnskuleopplæring

Grunnskule							
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Forbruk 2. tertial 2009	Just bud 2. tertial 2009	Just bud 1. tertial 2009	Opphav. Bud 2009	Forbruk t.o.m. 2. tertial %	Endring ramme 2. tertial 09
202 Grunnskule	79 368	52 237	88 799	84 553	83 872	58,8 %	4 246
213 Vaksenopplæring	2 800	1 927	3 912	3 843	3 822	49,2 %	69
214 Spesielskular	0	3	0	0	0	#DIV/0!	0
215 Skulefritidstilbod	1 431	965	2 029	1 709	1 700	47,6 %	320
222 Skulelokaler	15 948	6 599	21 063	20 784	22 189	31,3 %	279
223 Skuleskyss	1 588	1 121	2 159	2 150	2 150	51,9 %	9
383 Musikk- og kulturskular	4 219	3 320	5 521	5 363	5 363	60,1 %	158
Grunnskule	105 354	66 171	123 483	118 402	119 096	53,6 %	5 081

Forklaring til endringar i budsjett 2. tertial (netto auke på 5,1 mill. kr.):

- *Funksjon 202 Grunnskule* - auka netto med 4,2 mill. kr. som følgje av bl.a.:
 - Lønskostnader med 4,2 mill. kr. pga lønsjusteringar, korrigerer for innsparingskrav i opphavg budsjett (1,85 mill. kr.), auka vikarutgifter, spesialundervisning og pensjon.
 - Kjøp av varer og tenester med 0,3 mill. kr. som hovudsakleg gjeld kursavgifter med delvis ekstern finansiering, bl.a. 0,25 mill. kr. frå Fylkesmannen til etterutdanning av lærarar.
 - Auke i kommunalt driftstilskot til Kvam kristne skule (KKS) med 0,5 mill. kr. som gjeld rest 1. halvår og heile 2. halvår 2009. Midlane skal dekkja norskopplæring for framandspråklege, morsmålsundervisning, spesialundervisning og assistentarbeid.
 - Inntektene auka med 0,8 mill. kr. og kjem frå øymerka tilskot frå staten, refusjonar for sjukeløn, fødselspengar og bruk av bundne fond (avsette øymerka midlar).
- *Funksjon 213 Vaksenopplæringa* - auka netto med 0,1 mill. kr. i 2. tertial. Årsakene til dette var:
 - Lønskostnadane auka med 0,3 mill. kr. som følgje av lønsjusteringar og auke i ei stilling pga fleire framandspråklege kurs. Stillinga er finansiert med bruk av bundne driftsfond og anna ekstern finansiering.
 - Inntektene auka med 0,2 mill. kr. som kjem frå øymerka tilskot frå staten og bundne driftsfond (øymerka inntekter frå tidlegare år).
- *Funksjon 215 Skulefritidstilbod (SFO)* - auka netto med 0,3 mill. kr. Dette kjem bl.a. av:
 - Auka lønskostnader med 0,3 mill. kr. pga lønsjusteringar og oppretting av ny SFO i Steinsdalen.
- *Funksjon 222 Skulelokale* – auka netto med 0,3 mill. kr. som følgje av bl.a.:
 - Auke i lønskostnader med 0,5 mill. kr. pga lønsoppgjere, auka sjukevikarar og pensjon.
 - Driftsutgiftene til vedlikehald er justert ned med 0,1 mill. kr.
 - Inntektene aukar med 0,1 mill. kr. og gjeld refusjon av sjukeløn.
- *Funksjon 223 Skuleskyss* er tilnærma uendra i 2. tertial.
- *Funksjon 383 Musikk- og kulturskular* har auka med netto 0,2 mill. kr. i 2. tertial. Dette kjem av bl.a.
 - 0,43 mill. kr. i auka lønskostnader til lønsoppgjere og auka aktivitet.
 - Andre driftsutgifter auka med 0,04 og gjeld kursutgifter.
 - Inntektene (brukarbetaling) auka med 0,3 mill. kr. som følgje av auka aktivitet.

Andre opplysningar:

- Det er etter at talmaterialet for 2. tertial var ferdig, meldt om akutte behov for assistentstillingar pga åtferdsvanskar ved fleire skular. Dette er ikkje teke omsyn til i 2. tertial, men kan medføra auka forbruk.
- Forbruket pr. 2. tertial er 53,6 % og ligg såleis under normalforbruket på 63-67 %. Tek vi høgde for avskrivningar som ikkje er periodisert, vert forbruket ca 6,0 mill. høgare, dvs. 58,5 %, men likevel innanfor normalforbruket då fastløn utgjer ein stor del av utgiftene til dette området.

1.5 Kommnehelse

Kommnehelse								
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Forbruk 2. tertial 2009	Just bud 2. tertial 2009	Just bud 1. tertial 2009	Opphav. Bud 2009	Forbruk t.o.m. 2. tertial %	Endring ramme 2. tertial 09	
232 Førebyggjing - skule og helsestasjonsteneste	4 924	3 252	5 405	5 352	5 337	60,2 %	53	
233 Anna førebyggjande helsearbeid	2 974	2 663	3 314	3 161	3 066	80,3 %	153	
241 Diagnose, behandling, rehabilitering	12 459	8 167	13 876	13 668	13 534	58,9 %	208	
290 Interkommunalt samarbeid	8	0	0	0	0	#DIV/0!	0	
Kommnehelse	20 366	14 082	22 595	22 181	21 937	62,3 %	414	

Forklaring til endringar i budsjett 2. tertial (auke med 0,4 mill. kr.):

- *Funksjon 232 Førebyggjing – skule- og helsestasjonsteneste* - auka med knappe 0,05 mill. kr. som følge av lønsoppgjret.
- *Funksjon 233 Anna førebyggjande helsearbeid* - auka med 0,15 mill. kr. Dette har samanheng med bl.a.:
 - Lønsoppgjret 2009.
 - Stillinga som folkehelsekoordinator er auka med 30 % til 80 % frå juni 2009.
 - Endra stillingsbrøkar ved Sals – og skjenkekontrollen i samband med leiarskifte.
- *Funksjon 241 Diagnose, behandling, rehabilitering* - aukar med 0,2 mill. kr. som følge bl.a.:
 - 0,14 mill. kr. i lønsjusteringar og justeringar i helge – og høgtidstillegg, sjukevikar og pensjon
 - 0,06 mill. kr. i justering av kommunale driftstilskot pga årets lønsjustering.

Andre opplysningar:

Forbruket pr. 2. tertial er 62,3 % og ligg såleis under normalforbruket på 63-67 %.

1.6 Pleie- og omsorg

Pleie- og omsorgstenesta							
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Forbruk 2. tertial 2009	Just bud 2. tertial 2009	Just bud 1. tertial 2009	Opphav. Bud 2009	Forbruk t.o.m. 2. tertial %	Endring ramme 2. tertial 09
234 Aktivisering eldre og funksjonshemma	8 703	6 201	9 740	8 830	8 710	63,7 %	911
253 Pleie, omsorg, hjelp i institusjon	55 402	34 761	52 146	50 182	50 162	66,7 %	1 963
254 Pleie, omsorg, hjelp i heimen	62 612	44 060	73 348	71 726	71 656	60,1 %	1 622
261 Institusjonslokaler	8 044	2 849	7 894	7 898	7 906	36,1 %	-4
Pleie- og omsorgstenesta	134 761	87 871	143 128	138 636	138 433	61,4 %	4 492

Forklaring til endringer i budsjett 2. tertial (auke med 4,5 mill. kr.):

- *Funksjon 234 Aktivisering eldre og funksjonshemma* - har auka med 0,9 mill. kr. som følgje av bl.a.:
 - Lønsoppgjeret 2009 med 0,4 mill. kr.
 - Auke med 0,4 mill. kr. til støttekontaktar.
- *Funksjon 253 Pleie, omsorg, hjelp i institusjon* - har auka med 2,0 mill. kr. Dette kjem av følgjande endringar:
 - Reduksjon i fast løn med 1,1 mill. kr. trass i lønsjustering. Dette pga nedlegging av 6 sengeplassar i Øystese frå august/september 2009 og ledige stillingar som er erstatta med bruk av vikarbyrå.
 - Auke i helg – og høgtidstillegg, ferievikarar, sjukevikarar, ekstrahjelp, lærlingar og pensjonar med 3,8 mill. kr. Dette har vore budsjettert for lågt når ein samanliknar med forbruket i 2008.
 - Auke i andre driftsutgifter utgjorde om lag 0,3 mill. kr. netto og vert bl.a. nytta til vikarbyrå.
 - Auke i inntekter som gjeld øyremerka tilskot frå staten, refusjon av sjukeløn og fødselspengar med 1,0 mill. kr.
- *Funksjon 254 Pleie, omsorg, hjelp i heimen* – har auka med 1,6 mill. kr. Endringa kan forklarast slik:
 - Fast løn har auka med 0,6 mill. kr. pga lønsjustering og styrking etter nedlegging av institusjonssenger.
 - Auke i helg – og høgtidstillegg, ferievikarar, sjukevikarar, ekstrahjelp, pensjonar etc. med 2,6 mill. kr. Mange av desse postane har vore for lågt budsjettert når ein samanliknar forbruk i 2008 og hittil i år.
 - Auke i andre driftspostar utgjorde 0,4 mill. kr.
 - Auke i inntekter med 1,9 mill. kr. som gjeld refusjonar frå staten for ressurskrevjande brukarar og refusjon av sjukeløn.
- *Funksjon 261 Institusjonslokale* – marginal reduksjon.

Andre opplysningar:

- Investering i solskjerming på Toloheimen – det har sidan ombygginga av Toloheimen vore ønskje om å få solskjerming pga sterk varme på dagar med mykje sol. Det er innhenta prisar frå 1 leverandør som oppgjev investeringa til å verta om lag 0,2 mill. kr. ferdig montert. Dette vil verta føreslege lagt inn i budsjettet for 2010.
- Forbruket er 61,4 % og såleis under normalforbruket pr. 31.08 som er mellom 63 – 67 %. Noko av dette kan forklarast med at avskrivingar førebels ikkje er belasta rekneskapen. Dette utgjer ca 2,1 mill. kr. pr. 2. tertial. Korrigerer vi for avskrivingar, vert forbruket 62,8 % og framleis i underkant av normalforbruket.

1.7 Sosialteneste og NAV

Sosialteneste og NAV							
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Forbruk 2. tertial 2009	Just bud 2. tertial 2009	Just bud 1. tertial 2009	Opphav. Bud 2009	Forbruk t.o.m. 2. tertial %	Endring ramme 2. tertial 09
242 Rådgjeving, rettleiing og sosialt føreb. arbeid	5 190	3 372	5 327	4 995	4 766	63,3 %	332
243 Tilbod til personar med rusproblem	34	318	79	70	70	404,0 %	9
273 Kommunale syssesetjingstiltak	3 510	2 259	3 768	3 758	3 758	59,9 %	10
275 Introduksjonsordning	4 144	3 019	6 064	6 048	6 048	49,8 %	16
276 Kvalifiseringsordning	15	465	0	0	0	#DIV/0!	0
281 Økonomisk sosialhjelp	6 782	4 538	6 053	6 053	6 053	75,0 %	0
282 Økonomisk hjelp til pensjonistar m.v.	0	0	0	0	0	#DIV/0!	0
285 Tenester utanfor kommunalt ansvarsområde	457	125	354	349	349	35,4 %	4
Sosialteneste og NAV	20 132	14 095	21 643	21 272	21 044	65,1 %	371

Forklaring til endringar i budsjett 2. tertial (auka utgift med 0,4 mill. kr.):

- Funksjon 242 Rådgjeving, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid – har auka med 0,3 mill. kr. som følgje av lønsoppgjeret i 2009.
- Auken i dei andre funksjonane skuldast også lønsoppgjeret i 2009.

Andre opplysningar:

- Forbruket er samla sett innan for normalforbruket på 63 – 67 % pr. 2. tertial. Tabellen viser at funksjon 276 har eit forbruk på 0,5 mill. kr. men ikkje budsjett. Her skal inntekter og utgifter verta lik 0, men inntektene er ikkje mottekne enno. Funksjon 281 Økonomisk sosialhjelp ligg noko høgt i høve til normalforbruket. Budsjettet for 2009 ligg om lag 0,7 mill. kr. lågare enn forbruket i 2008.

1.8 Barnevern

Barnevern							
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Forbruk 2. tertial 2009	Just bud 2. tertial 2009	Just bud 1. tertial 2009	Opphav. Bud 2009	Forbruk t.o.m. 2. tertial %	Endring ramme 2. tertial 09
244 Barnevernteneste	4 036	2 597	4 027	3 991	4 014	64,5 %	36
251 Barneverntiltak i familien	2 957	1 813	3 102	3 101	2 901	58,5 %	2
252 Barneverntiltak utanfor familien	3 749	2 442	4 075	4 068	4 068	59,9 %	7
Barnevern	10 742	6 853	11 205	11 160	10 983	61,2 %	45

Forklaring til endringer i budsjett 2. tertial (auka utgift med 0,05 mill. kr.):

- *Funksjon 244 Barnevernteneste* – har auka med 0,04 mill. kr. som følgje av lønsoppgjeret i 2009.
- *Funksjon 251 Barneverntiltak i familien* – har auka marginalt pga lønsoppgjeret for 2009.
- *Funksjon 252 Barneverntiltak utanfor familien* - også her er auken marginal og med same forklaring som over.

Andre opplysningar:

- Forbruket er samla sett under normalforbruket på 63 - 67 % pr. 2. tertial.

1.9 Bustader

Bustader							
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Forbruk 2. tertial 2009	Just bud 2. tertial 2009	Just bud 1. tertial 2009	Opphav. Bud 2009	Forbruk t.o.m. 2. tertial %	Endring ramme 2. tertial 09
265 <i>Kommunalt disponerte bustader</i>	-3 598	-3 990	-4 647	-4 977	-5 287	85,9 %	330
283 <i>Bistand til etabl. av eigen bustad</i>	1 159	847	1 075	325	475	78,8 %	750
315 <i>Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak</i>	302	425	49	-551	50	874,0 %	599
Bustader	-2 136	-2 718	-3 524	-5 203	-4 762	77,1 %	1 679

Forklaring til endringar i budsjett 2. tertial (reduisert inntekt med 1,7 mill. kr.):

- *Funksjon 265 Kommunalt disponerte bustader* - har ein netto reduksjon i inntektene som følgje av at nokre bustader hadde feil tenestefunksjon på avskrivningar. Dette vart retta i 2. tertial.
- *Funksjon 283 Bistand til etablering av eigen bustad* – har fått ein netto utgiftsauke på 0,75 mill. kr. Dette kjem av flytting av funksjonen for renteinntekter frå formidlingslån (etablerings- og startlån) til funksjon 870 Finans med 0,9 mill. kr. Renteutgifter som gjeld formidlingslån i Husbanken er redusert med 0,15 mill. kr. pga den generelle rentenedgangen i marknaden.
- *Funksjon 315 Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak* – auka netto utgifter med 0,6 mill. kr. som følgje av at informasjonssjefen er flytta frå funksjon 120 Administrasjon og fellesutgifter til denne funksjonen. Inntektene frå utleige av stillinga til dagleg leiar i Kvam bustad – og tomteselskap AS ligg i funksjonen frå tidlegare (1. tertial).

1.10 Fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø

Plan							
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Forbruk 2. tertial 2009	Just bud 2. tertial 2009	Just bud 1. tertial 2009	Opphav. Bud 2009	Forbruk t.o.m. 2. tertial %	Endring ramme 2. tertial 09
301 Plansaksbehandling	4 038	3 261	5 232	4 944	4 845	62,3 %	288
302 Byggje-, delings- og seksjoneringsaker	1 389	915	1 139	543	771	80,3 %	596
303 Kart og oppmåling	1 940	1 200	2 296	1 949	1 949	52,3 %	347
Plan	7 367	5 376	8 667	7 435	7 565	62,0 %	1 231

Forklaring til endringer i budsjett 2. tertial (netto auke med 1,3 mill. kr.):

- *Funksjon 301 Plansaksbehandling* – har auka netto med 0,3 mill. kr. som følge av bl.a.:
 - Kjøp av programvare med 0,1 mill. kr. til planregister som er lovpålagt frå 01.01.2010.
 - Auka bruk av konsulentar med 0,5 mill. kr., bl.a. til kjøp av kartdata, reguleringsplan på Kåskjer og korrigering for innsparingskrav.
 - Inntektene aukar med 0,3 mill. kr. pga auke i gebyrinntekter og refusjon for reguleringsplan på Kåskjer (betalt av Ålvik Vekst Kvam KF).
- *Funksjon 302 Byggje-, delings- og seksjoneringsaker* – har auka netto med 0,6 mill. kr. Årsakene til dette er bl.a.:
 - Lønsumtgiftene, som aukar med 0,9 mill. kr. pga flytting av ei stilling frå funksjon 320 Kommunale føretak til denne funksjonen, tilbakeført innsparingskrav (1 stilling overført investeringsprosjekt i opphavleg budsjett) og lønsoppgjjer.
 - Gebyrinntektene aukar med 0,3 mill. kr. i høve til opphavleg budsjett.
- *Funksjon 303 Kart og oppmåling* – har auka netto med 0,35 mill. kr. fordi:
 - Gebyrinntektene sviktar når det gjeld kart og delingsforretningar og er justert ned med 0,4 mill. kr.
 - Konsulentonorar er redusert med 0,1 mill. kr.
 - Diverse andre postar inkl. lønsoppgjjer har auka med 0,05 mill. kr.

Andre opplysningar:

- Det vart i 1. tertial etterlyst erstatning for tap av leikeplass i Mundheim sentrum etter sal av Mundheim skule. HST – sak 085/07 har gjort vedtak om at Kvam herad ved sal av skulen skal halda att leike-/ballplass alternativt opparbeida ny tilsvarande plass. Det er også gjort vedtak om at inntekta frå salet skal setjast av til oppgradering av Mundheim sentrum. Det er no oppretta eige prosjekt P71093 Oppgradering Mundheim sentrum og tilført prosjektet 0,6 mill. kr. tilsvarande salssummen for skulen. Det vert vist til prosjektsidene i denne tertialen.
- Forbruket her ligg litt under eit normalforbruk (63-67 %).

1.11 Næringsstøtte og kommunal forretningsdrift

Næringsstøtte og komm. forretningsdrift							
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Forbruk 2. tertial 2009	Just bud 2. tertial 2009	Just bud 1. tertial 2009	Opphav. Bud 2009	Forbruk t.o.m. 2. tertial %	Endring ramme 2. tertial 09
320 Kommunal næringsverksemd	-16 158	-11 794	-18 903	-17 572	-37 902	62,4 %	-1 331
325 Tilrettelegging og stønad for næringslivet	3 995	-1 112	2 981	2 983	2 722	-37,3 %	-2
329 Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsu	2 171	2	735	797	1 148	0,3 %	-62
360 Naturforvaltning og friluftsliv	941	126	626	639	444	20,2 %	-13
Næringsstøtte og komm. forretningsdrift	-9 051	-12 778	-14 561	-13 153	-33 588	87,8 %	-1 408

Forklaring til endringer i budsjett 2. tertial (auka inntekt 1,3 mill. kr.):

- *Funksjon 320 Kommunal næringsverksemd* – har auka inntektene med 1,3 mill. kr. som følgje av bl.a.:
 - auka inntekter frå heimfall med 0,2 mill. kr.
 - ny prognose for konsesjonskraft for perioden september – desember, samt utbetalt hittil i 2009, gjev grunnlag for ein auke på 0,8 mill. kr.
 - reduksjon i lønsutgifter med 0,3 mill. kr. i samband med stilling som er flytta til teneste 30200 Byggje-, delings- og seksjoneringssaker.
- *Funksjon 325 Tilrettelegging og stønad for næringslivet* – marginal endring.
 - Kommunalsjef (80 %) overført frå funksjon 120 Administrasjon og fellesutgifter og utleigd til Ålvik Vekst Kvam KF – ingen endring.
 - Tidlegare sekretær for Ålvik Vekst Kvam KF er overført til auka stilling som folkehelsekoordinator – ingen endring for denne funksjonen.
- *Funksjon 329 Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling* – har ein liten reduksjon på 0,06 mill. kr. som følgje av retting av teneste og permisjonar.
- *Funksjon 360 Naturforvaltning og friluftsliv* - har ein liten reduksjon som følgje av at viltkonsulenten sluttar i jobben 1. november 2009.

Andre opplysningar:

- Det er oppretta ein ny stabsfunksjon under rådmannen ”Kraft og innkjøp”. Mesteparten av tenestene under funksjon 320 høyrer til her og gjeld inntekter frå heimfall og konsesjonskraft.
- Landbrukssjefen i Kvam har sidan mars delvis vore tilknytt P19091 E-takst 2010, men har frå august fått permisjon i 1 år. Næringsjefen har overteke resten av hans arbeid.
- Det er liten kapasitet att til å arbeida mot næringslivet etter at både landbrukssjef, vilt- og turismekonsulenten no er teke bort.

1.12 Brann og ulykkesvern

Brann og ulykkesvern							
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Forbruk 2. tertial 2009	Just bud 2. tertial 2009	Just bud 1. tertial 2009	Opphav. Bud 2009	Forbruk t.o.m. 2. tertial %	Endring ramme 2. tertial 09
338 Førebygging av brannar og andre ulykker	124	343	163	237	237	210,0 %	-73
339 Beredskap mot brannar og andre ulykker	5 806	3 616	5 314	5 032	5 014	68,0 %	282
Brann og ulykkesvern	5 930	3 959	5 478	5 269	5 250	72,3 %	209

Forklaring til endringar i budsjett 2. tertial (auka utgift med 0,2 mill. kr.):

- *Funksjon 338 Førebygging av brannar og andre ulykker* – har ein netto reduksjon i utgiftene pga 0,1 mill. kr. pga auka inntekter frå feiing etter prisjustering i 2009.
- *Funksjon 339 Beredskap mot brannar og andre ulykker* – har ein netto auke i utgiftene pga 0,3 mill. kr. pga:
 - Auka innkjøp med 0,35 mill. kr. pga erstatning av øydelagt utstyr, supplering av sambandutstyr til røykdykkarar og justering av leigeavtalar med 110 – alarmsentral og Elkem Bjølvefossen AS.
 - Inntektene er netto justert ned med 0,05 mill. kr. som følge av innsparingskrav på 0,25 mill. kr. i opphavleg budsjett (vaktamarbeid med Kvam kraftverk) og auka inntekter frå staten med 0,2 mill. kr.

Andre opplysningar:

- Forbruket pr. 2. tertial kan synast noko høgt, men dette kjem bl.a. av at 50 % av gebyrinntektene vert fakturert i september.

1.13 Samferdsle og grøntanlegg

Samferdsle og grøntanlegg							
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Forbruk 2. tertial 2009	Just bud 2. tertial 2009	Just bud 1. tertial 2009	Opphav. Bud 2009	Forbruk t.o.m. 2. tertial %	Endring ramme 2. tertial 09
333 Kommunale vegar	6 778	4 960	10 045	10 391	8 354	49,4 %	-345
334 Kommunale vegar, miljø og trafikksikringstiltak	314	784	531	531	678	147,7 %	0
335 Rekreasjon i tettstad	1 125	670	1 550	1 534	1 530	43,3 %	15
Samferdsle og grøntanlegg	8 217	6 414	12 126	12 456	10 562	52,9 %	-330

Forklaring til endringar i budsjett 2. tertial (reduksjon i netto utgifter med 0,3 mill. kr.):

- *Funksjon 333 Kommunale vegar* – har redusert sine netto utgifter med knappe 0,3 mill. kr. Blant årsakene til endringa er:
 - Auke med 0,2 mill. kr. til Vavollen i Øystese – akutt problem med gjennomrusta ”Svalbard – røyr” der grunnen er vaska ut pga forvitra røyr fleire stader. Det må gjennomførast utbetring for å sikra at massar ikkje skal forsvinna med tilhøyrande rasfare for bustader. Stipulert kostnad er 0,5 mill. kr. Budsjett justert med 0,18 mill. kr., resten dekkja innanfor opphavleg budsjett.
 - Lønsjusteringar i samband med lønsoppgjeret utgjorde om lag 0,1 mill. kr.
 - Mva ført med feil forteikn i 1. tertial medførte reduserte kostnader med 0,6 mill. kr.
- *Funksjon 335 Rekreasjon i tettstad* – har auka sine netto utgifter med knappe 0,02 mill. kr. som kjem av lønsjusteringar etter lønsoppgjeret for 2009.

Andre opplysningar:

- *Skredsikring av Klyvevegen.* Det har vore nokre skredhendingar langs Klyvevegen det siste året. Multiconsult AS har utarbeidt rapport. Oppgåver som lyt gjennomførast er reinsking, bolting, nedtaking av stor blokk og sikring av blokker. Samla kostnader er stipulert til 2,5 mill. kr. Det er usikkert om heradet har ansvar for all sikring, men i følgje rapporten kan blokkene nå fjorden om dei dett ut og dermed trua både kommunal veg og bygg på nedsida av vegen. Arbeidet med reinsking er sett i gang og kan gjennomførast i 2009 innanfor vedteke budsjett. Stipulert kostnad er 0,15 mill. kr. Når det gjeld dei største tiltaka, må ansvarstilhøve og evt. kostnadsfordeling avklarast så snart som mogleg og heradet sin del må det takast høgde for i budsjett for 2010.
- *Forbruk pr. 2. tertial* viser eit samla forbruk på 52,9 % mot eit normalforbruk på 63-67 %. Dette kan blant anna ha samanheng med at alle sesongutgiftene i parkvesenet ikkje er ført enno.

1.14 Vatn, avløp og renovasjon/avfall

Vatn avløp og renovasjon/avfall (eks. kalk. Renter)							
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Forbruk 2. tertiar 2009	Just bud 2. tertiar 2009	Just bud 1. tertiar 2009	Opphav. Bud 2009	Forbruk t.o.m. 2. tertiar %	Endring ramme 2. tertiar 09
340 Produksjon av vatn	0	139	0	0	-1	#DIV/0!	0
345 Distribusjon av vatn	-1 655	-3 178	0	0	-7	#DIV/0!	0
350 Avlaupsreinsing	0	295	0	0	-58	#DIV/0!	0
353 Avlaupsnett / innsamling av avlaupsvatn	-1 772	-2 473	0	0	-5	#DIV/0!	0
354 Tømming av slamavskillere	0	323	0	0	0	#DIV/0!	0
355 Innsamling av avfall	0	-452	0	0	0	#DIV/0!	0
357 Attvinning og slutthandsaming av avfall	-322	98	0	0	-6	#DIV/0!	0
Vatn avløp og renovasjon/avfall (eks. kalk. Renter)	-3 749	-5 249	0	0	-77	#DIV/0!	0

Forklaring til endringar i budsjett 2. tertial:

- Ingen endringar i justert budsjett.

Andre opplysningar:

- I samband med budsjettet vart det lova å slutføra ein gjennomgang av sjølvkostområdet 1. halvår 2009 for å sikra rett pris på tenestene. Dette let seg ikkje gjennomføra i 2009 pga at det ikkje er nok ressursar/kapasitet til dette arbeidet.

1.15 Kultur

Kultur							
Funksjon og rammer	Rek 08 (netto)	Forbruk 2. tertial 2009	Just bud 2. tertial 2009	Just bud 1. tertial 2009	Opphav. Bud 2009	Forbruk t.o.m. 2. tertial %	Endring ramme 2. tertial 09
231 Aktivitetstilbud born og unge	1 182	439	847	847	847	51,8 %	0
365 Kulturminnevern	364	0	0	333	333	#DIV/0!	-333
370 Bibliotek	3 201	1 999	3 233	3 207	3 205	61,8 %	25
373 Kino	216	264	182	182	182	144,9 %	0
375 Museèum	666	471	809	810	785	58,2 %	-1
377 Kunstformidling	529	471	711	706	706	66,3 %	4
380 Idrett og tilskot til andres idrettsanlegg	1 600	-12	5 314	6 388	6 388	-0,2 %	-1 074
381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	3 622	450	2 427	1 629	1 629	18,5 %	798
385 Andre kulturaktivitetar, tilskot andres kulturbygg	3 715	2 410	2 787	2 466	2 358	86,5 %	321
386 Kommunale kulturbygg	197	20	-89	-89	-89	-22,5 %	0
Kultur	15 292	6 510	16 221	16 480	16 344	40,1 %	-259

Forklaring til endringar i budsjett 2. tertial (reduksjon med 0,26 mill. kr.):

- *Funksjon 365 Kulturminnevern* – reduksjon med 0,3 mill. kr. som gjeld avskrivningar flytta til funksjon 265 Kommunalt disponerte bustader pga feil funksjon.
- *Funksjon 370 Bibliotek* – auka med 0,03 mill. kr. pga årets lønsoppgjjer.
